



UNIVERSITY OF BERGEN

Department of Foreign Languages

Program board meeting - English

Wednesday 5 February 2025, 12:15

Room HF 217

Agenda

1/25 Approval of agenda

2/25 Information items

1. Student registration numbers (attachment 1)
2. York trip
3. Exchange agreements
4. Course portfolio project: status

3/25 Discussion items

1. Course evaluation: self-assessment reports and 3-year reports (attachment 2)
2. Reports from external program sensors (attachment 3)
3. One-year assessment report for BA and MA (attachment 4)
4. Brainstorming session for MA students to present supervisors' areas of interest and discuss potential topics for theses. Repeat of last year's session?

4/25 Other business

Treårig emneevaluering av DIDAENG1 (2022-2024)

Namn på emne: Engelskdidaktikk 1

Studiepoeng: 7,5

Undervisningssemester: haust

Rapporten bygger på emneplanen, rammeplanen for PPU, undervisningsplanar, eigenevalueringar og studentevalueringar av emnet i perioden, karakterstatistikkar frå perioden og egne erfaringar som emneansvarleg og undervisar på emnet.

Beskrive og begrunne pedagogiske valg og reflektere over studentens læring som følge av disse valgene

Undervisninga er delt inn i 12 totimars-økter, der to av desse er undervisning i felles språkdidaktikk for engelsk, norsk, tysk, fransk og spansk. Vi har valt fellesundervisning rundt nokre overgripande tema i språkdidaktiske emne fordi studentane kan ha nytte av å diskutera språkdidaktiske problemstillingar på tvers av fag, og fordi vi generelt ønsker å fremja samarbeid mellom lærarar i ulike språkfag. Størstedelen av undervisninga er likevel separat for engelskdidaktikk, sidan engelsk står i ein særstilling som andre- eller framandspråk med eigen læreplan i skoleverket, medan øvrige framandspråk har felles læreplan.

Undervisninga består av førelesingar med teoretiske perspektiv, innslag av praktiske cases, gruppeoppgåver og diskusjonar. Vi har tatt til følge gjennomgåande tilbakemeldingar frå studentar om at praktiske døme og klasseromsnære oppgåver styrker forståinga deira av fagdidaktisk teori og førebur dei til utøvinga av yrket som lærar.

Oppfølging av tidligere evalueringer

Rammeplanen for PPU har som eitt av læringsutbyta at «kandidaten har bred kunnskap om barne- og ungdomskultur og barns og ungdoms utvikling og læring i ulike sosiale og kulturelle kontekster». I den føregåande treårige emneevalueringa var det nemnt at tema som gaming og graphic novels var inkludert i undervisning og emnelitteratur, men at

perspektivet på ungdomskultur og ungdom si utvikling og læring i ulike sosiale og kulturelle kontekstar gjerne kunne utvidast ytterlegare. Det var også nemnt behov for ein meir generell gjennomgang av undervisningsformer, tema og litteratur på emnet for å sikra relevansen til dagens engelskfag. Grep som vart gjort hausten 2024 var å omorganisera undervisninga til å omfatta færre og større tema, og å starta med dagens situasjon for ungdom som lærer engelsk (inkludert Extramural English osv.), i staden for å starta med engelskfaget si historiske utvikling. Dette verkar å ha hatt god effekt. Antologien *Current Issues in English Teaching*, redigert av Aud Solbjørg Skulstad og publisert på Fagbokforlaget i 2024, vart teken inn på litteraturlista for DIDAENG1. Denne antologien behandlar dagsaktuelle tema som kunstig intelligens, bruk av VR-briller i undervisning, nye tilnærmingar til vurdering, osv., og representerer ei fornying av delar av emnelitteraturen. Studentevalueringa for 2024 viser at studentane var nøgde med pensum, og dei synest også at DIDAENG1 i stor eller nokså stor grad framstår som eit heilskapleg kurs.

Studentevaluering og andre evalueringer som er relevante for emnet

Det vart gjennomført studentevaluering på DIDAENG1 i alle tre åra, men svarprosenten har variert. I 2022 var det høg svarprosent (11 av 12), og der var studentane gjennomgåande fornøgde med undervisninga og uttrykte jamt over relativt høgt læringsutbytte. Dei ønskte likevel eit større fokus på krava som vart stilte til mappeeksamen og korleis teori kunne trekkast inn i drøftinga av praktiske erfaringar frå klasseromsundervisning. Det var også eit ønske om endå fleire innslag av gruppeoppgåver i undervisninga. Studentevalueringa av emnet i 2023 hadde svært få svar (3 av 9), noko som sannsynlegvis var grunna i at evalueringsskjemaet var sendt til studentane i etterkant og ikkje kunne fyllast ut i siste undervisningsøkta. Studentane som svara, gav uttrykk for at det obligatoriske arbeidskravet med levering av utkast og tilbakemelding til/frå medstudent og tilbakemelding frå didaktikar var nyttig. Men dei syntest at kurset som heilskap hadde altfor lite samanheng mellom temaa som vart underviste, og at opplegget med mange ulike undervisarar bidrog til denne fragmenteringa. Ønsket om betre samanheng i kurset har vore tatt til følge i organiseringa av undervisninga hausten 2024, der vi har lagt vekt på

konsentrasjon rundt større tema. Svarprosenten hausten 2024 var høg (100%), men byggjer på eit lågt antal studentar (2). Dei to respondentane indikerer at dei var svært nøgde med kurset, og begge svarar positivt på spørsmålet om DIDAENG framstår som eit heilskapleg kurs. Dei svarar også at dei har hatt stort eller nokså stort utbytte av førelesingane, dei er «ganske fornøyd» med pensum og pensumlitteraturen. Likevel nemner ein av respondentane at pensummengda er for stor sett i lys av omfanget til faget, og meir tydelegheit rundt obligatoriske aktivitetar.

Erfaringer fra andre som bidrar i undervisningen på emnet, både studenter og ansatte

Undervisarar på emnet melder gjennom eigenvurderingar at dei møter engasjerte studentar som deltar og bidrar i faglege diskusjonar. Kravet om mastergrad har ført til færre studentar med ein noko meir homogen utdanningsbakgrunn enn tidlegare, noko som gir eit godt grunnlag for studentane si deltaking i og utbyte av diskusjonar og gruppearbeid. Men den generelle nedgangen i søkjarar til lærarutdanning har også prega studenttalet på DIDAENG1, som nådde eit rekordlågt tal på 2 studentar i 2024 (4 møtte, og 2 slutta undervegs). Kvalitetsarbeid og rekrutteringsarbeid i høve til PPU-emna bør dermed prioriterast høgt dei næraste åra.

Karakterstatistikk: Det har ikkje vore nokon stryk i perioden, men det var ein nedgang i gjennomsnittskarakter frå C hausten 2022 til D hausten 2023. Hausten 2024 var derimot gjennomsnittskarakteren B, men det var altså berre to studentar som melde seg til eksamen. Nedgangen i karakterar hausten 2023 kan vera ei påminning om å gi studentane endå grundigare og meir detaljerte forklaringar på krava som vert stilte til mappeoppgåva og oppmoda studentane til å søkja rettleiing i utvikling av eksamensmappa også etter at dei får tilbakemelding på førsteutkastet.

Fagfellevurdering: Emnet har ikkje hatt separat fagfellevurdering i perioden, men har gått inn i ei felles programvurdering av PPU.

Vurdering av samsvar mellom emnets læringsutbyttebeskrivelse og undervisnings-, lærings- og vurderingsformer

Læringsutbyttebeskrivingane for emnet seier følgjande:

Gjennom studiet skal studentane setje seg inn i teoriar om tekst, kommunikasjon og språklæring og kunne bruke desse i arbeidet med å fremje elevane si læring i engelsk.

Kunnskapar: Kandidaten

- har innsikt i sentrale styringsdokument for skolefaget
- har innsikt i engelsk som dannelsings- og ferdigheitsfag
- har kjennskap til sentrale språklæringsteoriar og tilnærmingar
- har kunnskap om vilkår for læring og kompetanseutvikling i engelsk

Ferdigheiter: Kandidaten

- kan planleggje, gjennomføre og reflektere over engelskundervisning basert på forskings- og erfaringsbasert kunnskap
- kan vurdere læremiddel og arbeidsformer i engelskfaget i relasjon til læreplanen for faget og kan grunngi val og vurderingar ut frå eige fagsyn og praksisteori
- kan rettleie elevane i deira læringsprosessar på grunnlag av teoriar om språk, tekst, kultur og framandspråksutvikling
- kan beskrive kjenneteikn på kompetanse i ulike aspekt av engelskfaget
- kan vurdere elevane sitt læringsutbyte og legge til rette for elevar si vurdering av eiga læring
- kan uttrykkje seg munnleg og skriftleg på engelsk innan fagfeltet

Generell kompetanse: Kandidaten

- kan reflektere over eigen og andre sin skolepraksis i lys av kunnskap innanfor dei engelskfaglege disiplinane (språk, litteratur, kultur og fagdidaktikk)
- har utvikla innsikt i engelskfaget sitt kultur- og dannelsingspotensial og kan gjere greie for faget si utforming og samfunnsmessige grunngjeving både historisk og i eit samtidsperspektiv

- kan reflektere over og vurdere eiga undervisning for å kunne fornye og utvikle den fagdidaktiske kompetansen i engelsk, irekna den digitale kompetansen
- kan undersøkje og drøfte engelsklæring i lys av kunnskap innanfor dei engelskfaglege disiplinane (språk, litteratur, kultur og fagdidaktikk) og teoriar om innovasjon, og presentere refleksjon over dette skriftleg og munnleg

I følgje studentevalueringane meiner studentane jamt over at emnet har høveleg vanskegrad og arbeidsbyrde for emnet, og at læringsutbyte slik det går fram av beskrivingane i emneplanen blir oppfylte. Det har likevel vore meldt frå nokre studentar at pensummengda er noko omfattande for eit 7,5-poengskurs.

Eksamensform er mappeeksamen. Eksamensmappa er samansett av to drøftingar av språkdidaktiske problemstillingar og eit refleksjonsnotat. Det er eit mål at mappa skal utviklast gjennom semesteret og reflektera studenten sin læringsprosess. I løpet av første praksisperiode leverer studenten inn eit utkast til den første mappeteksten som eitt av to obligatoriske arbeidskrav. Som arbeidskrav nummer to gir kvar student tilbakemelding på utkastet til ein medstudent. Studentane får også rettleiing frå faglærer i utviklinga av eksamensmappa.

En vurdering av om framdrift og opplegg for emnet er i samsvar med de fastsatte målene for emne og program

Undervisninga dekkjer alle hovudtema som er nemnde i læringsutbytebeskrivingane. Punktet om å kunna «gjere greie for faget si utforming og samfunnsmessige grunngeving (...) i eit samtidsperspektiv» er blitt styrkt gjennom ei større vektlegging på notidas engelskfag enn den historiske utviklinga. Studentane har ein langpraksisperiode i same semester som opnar for utprøving av problemstillingar som vert diskuterte i undervisninga. Emneplanen stiller krav til kritisk refleksjon, noko som vert følgt opp gjennom diskusjonar i undervisninga, og gjennom obligatorisk tilbakemelding på ein medstudent sitt utkast til drøfting av ei fagdidaktisk problemstilling. Retningslinjene for eksamensmappa stiller eksplisitt krav til drøfting. Studentane får trening i å uttrykkja seg på engelsk innan fagfeltet gjennom førelesingar og diskusjonar i undervisningssamanheng, der

kommunikasjonsspråket er engelsk. Dei kan likevel velja språkform på mappeeksamen, noko som bør endrast til at mappeeksamen skal skrivast på engelsk, for å sikra læringsutbyttet «kandidaten kan uttrykkje seg munnleg og skriftleg på engelsk innan fagfeltet».

Tilhøvet mellom DIDAENG1 og praksis i skolefaget engelsk. Det verkar i det store og heile som at fagdidaktikkemnet og praksisemnet PPUPRA101 utfyller kvarandre gjensidig på ein tilfredsstillande måte.

Institutt for fremmedspråk, 03.02.25

Kristian Rusten, emneansvarleg DIDAENG1 hausten 2024

Sigrid Ørevik, emneansvarleg DIDAENG1 hausten 2022 og 2023

Treårig emneevaluering av ENGDI111 (2022-2024)

Namn på emne: Fagdidaktikk i engelsk for integrert lektorutdanning

Studiepoeng: 5

Undervisningssemester: haust

Rapporten bygger på læringsutbyttebeskrivingane i emneplanen, undervisningsplanar, litteraturlister, eigenevalueringar, studentevalueringar og karakterstatistikkar.

Beskrive og begrunne pedagogiske valg og reflektere over studentens læring som følge av disse valgene

Dette er det andre didaktikkemnet i engelsk som undervisningsfag 2 for studentar på integrert lektorutdanning (5LU), lagt til 7. semester av studiet. Emnet har som opptakskrav 60 studiepoeng i fag 2, 5 stp. i fagdidaktikk for fag 2, 75 stp. i fag 1 og 10 stp. i fagdidaktikk for fag 1.

Undervisninga på emnet er lagt opp som førelesingar og seminar. Det er mange tema som skal dekkast, sidan fagdidaktikk for fag 2 kun har ti studiepoeng totalt til rådvelde. Sentrale

tema er språklæringsstrategiar, multilingualism, litteratur og interkulturell kompetanse, skriving og vurdering. Studentane har i perioden jamt over vist aktiv interesse for undervisninga og deltatt med engasjement i aktivitetar og gruppediskusjonar.

Oppfølging av tidlige evalueringer

Ei revidering av emneplanen for ENGDI111, gjeldande frå hausten 2022, fremmar meir eksplisitt studentane sin kritiske refleksjon rundt engelsk som undervisningsfag, didaktiske problemstillingar og undervisningspraksis i faget. Grunngevinga var både at studentane i 7. semester er på masternivå i lektorutdanninga og dermed har gått gjennom ein fagleg modningsprosess som tilseier eit høgt refleksjonsnivå, og at kritisk tenking har fått ein sentral plass i den nye læreplanen for skoleverket. Vi ser det som naturleg og viktig å stilla eksplisitte krav til kritisk drøfting både i det obligatoriske arbeidskravet og på eksamen når studentane er komne så langt i utdanningsløpet, og vi synest studentane har respondert godt på dette.

Studentevaluering og andre evalueringer som er relevante for emnet

Studentane uttrykker for det meste at undervisninga er engasjerande og undervisningstemaer er relevante. Dei set pris på høve til å diskutera fagdidaktiske problemstillingar. Nokre få studentar har meldt at emnet inneheld vel mykje til å gi kun fem studiepoeng. Dette er forståeleg, i og med at relativt omfattande tema blir tekne opp (sjå over). Einskilde studentar har etterlyst meir praktisk relatert undervisning og meiner at teori har for stor plass i emnet. Eigenevalueringane frå emneansvarlege tyder på at praktiske døme blir trekte inn, både i undervisninga og i studentaktivitetar, men at dette gjerne kan få endå litt større plass. I eit 5-poengs-emne er det likevel ei utfordring å få rom til både å gå i djupna på viktige teoretiske perspektiv og å opna for praksisretta øvingar i tilstrekkeleg grad.

Erfaringer fra andre som bidrar i undervisningen på emnet, både studenter og ansatte

Eigenvurderingane frå emneansvarlege uttrykker at studentane er engasjerte, reflekterte og kompetente.

Fagfellelvurdering: ENGDI111 som separat emne har ikkje vore fagfellelvurdert i perioden, men inngått som del av fagfellelvurdering av lektorprogrammet ved HF. Ekstern fagfelle har vore Jonas Bakken (UiO).

Vurdering av samsvar mellom emnets læringsutbyttebeskrivelse og undervisnings-, lærings- og vurderingsformer

Læringsutbyttebeskrivingane for emnet seier følgjande:

Kunnskapar: Studenten har

- innsikt i språk, tekst og sjanger og kan sjå desse i eit kulturperspektiv
- innsikt i engelsk som dannelsesfag og ferdigheitsfag

Ferdigheiter: Studenten kan

- lage undervisningsopplegg der arbeidsformer og innhald er knytt til grunnleggjande ferdigheiter og reflekterer innsikt i læringsprosessar i engelskfaget
- gjere greie for kjenneteikn på elevar sin kompetanse i engelskfaget, vurdere og dokumentere elevar si læring
- gi læringsfremjande tilbakemeldingar og bidra til at elevar kan vurdere og reflektere over eiga læring og faglege utvikling

Generell kompetanse:

Studenten kan uttrykkje seg munnleg og skriftleg på engelsk innan fagfeltet.

Førelasingar med innslag av studentaktivitetar og diskusjonar dekkjer tema relaterte til språk, tekst og sjanger, vurdering og læringsfremjande tilbakemeldingar, og engelsk som dannelses- og ferdigheitsfag. Fleire av ferdigheitsmåla får studentane også arbeida konkret med i langpraksisperioden som er lagt til same semesteret som ENGDI111. Det obligatoriske arbeidskravet, ein tekst som belyser eit fagdidaktisk tema gjennom teori,

hjelper studentane å bearbeida temaa og reflekterer læringsprosessane deira i emnet. Munnleg eksamen er samansett av to delar: ein presentasjon der eit sjølvvalt didaktisk tema skal presenterast i lys av teori, og ein samtale om andre aspekt av læringsutbyte i emnet. Studentane får trening i å uttrykkja seg munnleg og skriftleg på engelsk innan fagfeltet gjennom undervisning og obligatoriske arbeidskrav, der kommunikasjonsspråket er engelsk. Eksamen går også føre seg på engelsk.

En vurdering av om framdrift og opplegg for emnet er i samsvar med de fastsatte målene for emne og program

Evalueringar av emnet tyder på at framdrift og opplegg for emnet er i samsvar med fastsette mål for emne og program. Undervisninga dekker alle hovudtema som er nemnde i læringsutbytebeskrivingane. Studentane har ein langpraksisperiode i same semester som opnar for utprøving av problemstillingar som vert diskuterte i undervisninga. Emneplanen stiller krav til kritisk refleksjon, noko som vert følgt opp gjennom diskusjonar i undervisninga, og gjennom obligatorisk tilbakemelding til medstudentar på oppgaveseminaret. Studentane får trening i å uttrykkja seg på engelsk innan fagfeltet gjennom førelesingar og diskusjonar i undervisningssamanheng, der kommunikasjonsspråket er engelsk. Munnleg eksamen føregår også på engelsk, og bidreg også til dette målet.

Karakterstatistikk:

I 2023 og 2024 var snittkarakter på munnleg eksamen B. Dermed har det dei siste to åra vore er ein auke frå 2022, då snittkarakteren var C.

Tilhøvet mellom ENGD111 og praksis i skolefaget engelsk

Dette fagdidaktiske emnet er plassert i same semesteret som første langpraksisperiode. Som nemnt ovanfor, rapporterer emneansvarlege om studentar som aktivt engasjerer seg i fagdidaktiske spørsmål, og nærleiken til praksis kan vera noko som bidrar til dette. Det

verkar såleis som at fagdidaktikkemnet og praksisemnet LAPRA101 utfyller kvarandre gjensidig på ein tilfredsstillande måte.

Institutt for framandspråk, 03.02.25

Kristian Rusten, emneansvarleg ENGDI111 hausten 2024

Sigrd Ørevik, emneansvarleg ENGDI111 hausten 2022 og hausten 2023

3-year Cycle Course Evaluation 2022-2024

ENGMAU650 – Work in Progress (WiP) Didactic (2 years)

ENGMAU655 – Work in Progress (WiP) Didactic (1 year)

1. General Description of the Course

The ENGMAU650 course for experience-based MA students has changed during this three-year period. The ENGMAU650 course was a 60 ECT course with one WiP seminar during the last phase of the MA education program. Since the fall of 2024, the ENGMAU655 course has been organized as a 45 ECT course. The course continues to have one WiP seminar held in the fall semester, the final year of the course.

The WiP seminars remain organized as a two-day seminar in which students present and provide peer review of one chapter on the first day. Students are then given the opportunity to meet with their MA supervisors on day two. It is possible for the students to present their chapters with the ENG350 didactics group, but most prefer to do this with fellow ENGMAU students as they are more comfortable discussing their written work with students they know.

2. Obligatory tasks and attendance

Attendance for one WiP seminar is obligatory simply because the obligatory tasks are to present and peer-review a chapter draft, tasks that are conducted face-to-face in the seminar. The obligatory tasks specifically include:

1. The presentation of a draft of a chapter of the MA thesis
2. Providing oral feedback on a fellow student's chapter draft.

There has been a slight change in the organization of the seminar presentations with the change from ENGMAU650 to ENGMAU655. Previously, all student chapters have been made available for course members so that everyone can read each other's chapters and provide feedback to all of their fellow students. The first group of ENGMAU655 students

was much larger than the previous student groups (with 13 students compared to previous group sizes normally between 6-8). Therefore, focus was placed on providing feedback on only one student's chapter as defined in the obligatory requirements. One other change was made concerning the course seminar. For the ENGMAU650 course, it was common to have two to three staff members comment on each chapter draft, in addition to the peer review of one student. Because this format demanded an extensive number of resources, a reduction in staff members who provide feedback was implemented. The student group was divided into two, with one staff member responsible for feedback for their group (6-7 students).

3. Learning outcomes

No specific learning outcomes are specified for the WiP didactics course, but many of the same learning outcomes that are specified for the ENGMAU 655 MA course are applicable:

Mål og innhald

Mål:

Emnet har som mål å gjere studenten i stand til å skrive ei fagdidaktisk masteroppgåve om eit sjølvvalt emne.

Innhald:

Studiet skal oppøve evne til sjølvstendig, kritisk og metodisk arbeid og høveleg framstillings- og dokumentasjonsteknikk.

Læringsutbyte

Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse:

Kunnskapar

Studenten har

- brei generell kunnskap innanfor faget og inngåande kunnskapar innanfor eit avgrensa område
- grunnleggjande kunnskap om dei sentrale problemstillingane og metodane i engelsk fagdidaktikk

Ferdigheiter

Studenten kan

- arbeide sjølvstendig og langsiktig med problemløysing på grunnlag av faglege kunnskapar
- setje seg inn i og vurdere kritisk teoriar, metodar og tolkingar innanfor fagområdet
- gjennomføre eit avgrensa forskings- eller utviklingsprosjekt under rettleiing og i tråd med gjeldande forskingsetiske normer

Generell kompetanse

Studenten

- kjenner normene for akademisk skriving
- kan uttrykkje på engelsk fagdidaktiske problemstillingar, analysar og konklusjonar

- kjenner til relevante kommunikative sjangrar

4. Student evaluation

No student evaluations of the courses have been conducted, though oral feedback during the seminars has revealed that the ENGMAU650 students found the seminar very helpful. For the ENGMAU655 course, some students expressed the desire to have feedback from a larger number of people, be it fellow students or staff. Plans have also been put into place to allow for more formal student evaluations of the course starting with the 2025 fall semester.

English Program, Department of Foreign Languages 3-Year Evaluation ENGMAU642 Reporting Period: Fall 2022 – Fall 2024

Subject Coordinator in English Literature, Astrid Haas

Course contents

ENGMAU642 provides a critical and theoretical introduction to literature(s) in English. The course focuses on a period or genre in Anglophone literature or on a literary or interdisciplinary theme. It further introduces students to thematically relevant questions of literary theory. In the past three years, the course was taught by different instructors and attended by between six and eight students each time.

All iterations of the course had different topics, namely literature and posthumanism (fall 2022), migration and formation in American Literature (fall 2023), and the bildungsroman since 1899 (fall 2024). However, in 2023-2024 the course explicitly integrated the concept of “Bildung” in relation to its specific topics. This rendered the course more relevant for both the students’ own academic development and their work as school teachers. As a result, the instructors from 2023 and 2024 suggest that addressing Bildung in relation to literary periods, genres, or other specific topics should remain a key component of the course in the future.

Structure and progression

The course meets three times over the course of the semester for two days each time. Although this entails a more intensive teaching schedule, it works well for the students, as

they are all full-time teachers. The students have to read several texts between the meetings as well as work with them and discuss them in the class meetings with regard to the main themes of the course.

The assessment form in this course is a portfolio consisting of several written texts. These included two short essays and one submitted oral presentation in recent years, and revisions of these texts made up the final portfolio submission for the exam. The instructors teaching the course in 2022-2024 were content with this format. They provided feedback to each assignment for revision toward the final submission. The assessment results indicate that this format also works well for the students, as the average grade obtained in all iterations of the course from 2022-2024 was a “B.”

Alignment of learning outcomes and teaching, learning, and assessment methods

According to the course description for ENGMAU642 (adapted from the Norwegian text), students shall have developed further knowledge of the discipline, acquired specialized knowledge of the course topic, and become familiar with recent research in the specific area covered in the course. Students shall further be able to discuss topics in Anglophone literatures and/or cultures from a critical and theoretical point of view and with an analytical approach. They shall be able to work with special theoretical/methodical problems over a certain period of time and have further developed their ability to express academic ideas in written and spoken English.

The students attending ENGMAU642 have a comprehensive knowledge of English as a school subject. However, they have returned to academic studies after a pause ranging from a few to many years, their levels of academic formation in English vary considerably, and many of them also lacked academic writing skills. This means that instructors must be aware of the students’ particular situation and scaffold their teaching of relevant theories and methods as well as writing skills to facilitate students’ successful engagement with course contents and the wider subject of English literary studies.

In the past iterations of the course, the students deepened relevant knowledge and improved crucial skills through different homework tasks, in-class activities, and the portfolio assignments. In 2023 the teaching blocks included both longer and shorter lectures that alternated with seminar periods in which the students worked in groups and prepared and delivered oral presentations, both on essay topics and on other study questions. In 2024 the course also used a flipped classroom method with extended preparatory work before the class session blocks to facilitate students’ critical reading of the texts and leave more time for the discussions and writing instruction alternating with the lectures in class. The instructors confirmed that both approaches were helpful.

Evaluations and improvements

In 2022 the instructor did not receive any student evaluations. In 2023 two out of eight and in 2024 three out of six students completed the evaluation. They reported being content with the course but desired to receive more information about the course and more training in academic writing. The instructors teaching in 2023-2024, in turn, lauded students' commitment and hard work that contributed to their good progress in the course. The instructors further suggest better informing future instructors about the specific student cohort who takes the course and about their studies program. This will facilitate instructors' preparation and teaching the course to meet students' specific needs (which may vary significantly from those of other MA-level students).

Improvements in response to instructors' and students' concerns have been implemented in 2024. The instructor obtained more comprehensive information, and the students had an additional orientation meeting providing them with practical information about the course and MA studies program. While writing instruction has been integrated into the course since 2023, the instructors teaching the course in 2023-2024 indicate that students should receive a more thorough introduction to academic writing at the beginning of the course and further sessions of writing training throughout all teaching blocks. This shall be implemented in future iterations of the course.